

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2024/5321-44

**Saksbehandlar**

Ingo Bewer

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2026/21	Plan teknikk og miljøutvalet	05.05.2026
2026/40	Kommunestyret	21.05.2026

## Fastsetting av planprogram - Detaljregulering for Ølve industribase - 12/167 med fleire, PlanID 20240004

### Innstilling frå kommunedirektøren:

Kommunestyret i Kvinnherad kommune fastsett planprogram datert 26.03.2026 for detaljregulering for Ølve industribase - 12/167 med fleire, PlanID 20240004 jf. [plan- og bygningslova av 2008 \(pbl\) §§ 12-9 og 4-1.](#)

### Plan teknikk og miljøutvalet si behandling i møte den 05.05.2026:

#### BEHANDLING:

Saka vart innleia med ein kort presentasjon av planleggjar Ingo Bewer.

Kommunedirektøren si innstilling vart einstemmig vedteke.

#### INNSTILLING FRÅ PLAN, TEKNIKK OG MILJØUTVALET:

Kommunestyret i Kvinnherad kommune fastsett planprogram datert 26.03.2026 for detaljregulering for Ølve industribase - 12/167 med fleire, PlanID 20240004 jf. [plan- og bygningslova av 2008 \(pbl\) §§ 12-9 og 4-1.](#)

### Kommunestyret si behandling i møte den 21.05.2026:

#### BEHANDLING:

Plan, teknikk og miljøutvalet si innstilling vart samrøystes vedteken.

#### VEDTAK:

1.

### Vedlegg:

- 1 Planprogram: Detaljregulering for Ølve industribase. 26.03.26.pdf
- 2 Merknadsskjema oppstart og planprogram 26.03.2026.pdf
- 3 Samla merknadar til oppstart og planprogram.pdf
- 4 Plangrense 07.01.25-A2-L.pdf
- 5 Referat frå oppstartsmøte. 19122024.pdf
- 6 Følgjebrev: Varsel om oppstart Ølve industribase 24.04.2025.pdf

Andre plandokumentet for saka er tilgjengeleg i [planregisteret](#).

### Saksopplysningar:

**PlanID:** 20240004  
**Forslagsstillar:** Ølve Bruk AS  
**Plankonsulent:** Nordplan Stord AS

### Historikk:

19.12.2024 Oppstartsmøte  
21.01.2025 Kort politisk orientering om plansaka og utvida plangrense  
24.04.2025 Oppstart av planarbeid  
24.04.-10.06.2025 Høyring og offentleg ettersyn av planprogram

### Samandrag/Saka gjeld:

Ølve Bruk sitt ynskje for området er å utvikle areala i industribasen til sjøtilknytt næring i ein kombinasjon av kombinasjon av landbasert oppdrett (smoltproduksjon) og annan maritim verksemd.

Utgangspunktet for reguleringsplanen er ynskje om å relokalisere tidlegare akvakulturproduksjon frå inst i vågen til deler av området omtala som Ølve industribase, samstundes som planen også tek høgde for andre maritime og sjøretta føremål.

Ynskje om å reetablere produksjon i Ølve er grunna i at Meidell konsernet/Alsaker Fjordbruk AS vil sikre kapasitet for å forsyne sine matfiskanlegg i sjø med smolt frå eigne anlegg.

Yngel- og smoltproduksjon er også eit vesentleg forretningsområde for konsernet, då dei i tillegg har langtidskontraktar for levering til eksterne kundar.



Administrasjonen har difor tilrådd oppstart av nytt planarbeid som erstattar delar av gjeldande [reguleringsplan for del av Ølve, gnr. 12 \(PlanID 19780012\)](#) med bakgrunn i at gjeldande reguleringsplan vart godkjent den 22.05.1978 som legg berre begrensa til rette for vidare utvikling i.h.t. nærings-og industriføremål.

Gjeldande kommuneplanen regulerer ei gjennomføringssone på arealet, noko som inneber krav om reguleringsplan Det er vidare eit føremål å vidareutvikle sjøretta næring i


tråd med gjeldande [kommuneplanen sin samfunnsdel](#).

I regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger er planområdet synt som eit regionalt viktig næringsområde ved sjø (kjelde: Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland).

Nordplan Stord AS har utarbeida planprogram for *Detaljregulering for Ølve industribase - 12/167 med fleire, PlanID 20240004* på oppdrag av Ølve Bruk AS etter krav i forskrift om konsekvensutredninger § 6. Planprogrammet definerer rammene for det vidare planarbeidet, og fastset tema for vidare konsekvensutgreiing i planarbeidet.

Planprogrammet er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova (pbl.) § 4-1 og forskrift om konsekvensutgreiing (2017). Planprogrammet gjer greie for bakgrunn, innhald og framdrift, samt medverknad og utgreiingsprogram for konsekvensutgreiinga (KU). Planarbeidet

## Saksutgreiing:



### Bakgrunn og føremål

Planområde ligg i Ølve vest for Hyttevågen med tilkomst frå Ølvesvegen Fv 575, med to tilkomstvegar syd vest og nordvest for planområde. Kryssløysinga og fylkesvegen er ikkje opparbeidd i tråd med reguleringsplanen. Areal ved kryssløysinga er teke med i planområdet, for å vurdere behov for oppdatering av planløysinga. Areal som i kommuneplanen 2018 er regulert til næring, men ikkje er utbygd er lokalisert på eigedom gnr. 12/167. Planområdet omfattar også gnr. 12/ 39, 45, og 141 som er eigedomar der det er

etablert/eigd av næringsverksemd. Bakgrunnen for å inkludere desse areala er for å regulere områda i heilskap, samt å sikre buffersoner og tiltak knytt til ferskvassinntak til Ølve Industribase som truleg må takast inn like sør for Hauganeset. I tillegg er gnr. 12/57-58 og 83 inkludert i planområdet då desse naturleg høyrer til planområdet. Det er planlagt å vidareføre dagens aktivitet og bruk på desse eigedomane. Etter oppstartsmøte vart området Nyhamar (12/10) tatt med inn i planområdet (området er LNF-området i gjeldande kommuneplan).

Planinitiativet handlar både om stadfesting og vidareføring av gamal bruk, men særleg om tilrettelegging for eksisterande og nye næringsareal, samt opprusting av eksisterande kaiar inkludert utbetring av tilkomstvegar. Dagens aktivitet på området er planlagt vidareført og vil verta regulert til næringsføremål og kai/hamn.

### Aktuell utforming og arealbruk for planområdet vil vera:

- Sjøtilknytt næring, m.a. landbasert oppdrett
- Kombinert føremål ferdsel/hamn/kai der det er etablerte tiltak i dag. Resterande sjøområde til bruk- og vern av sjø og vassdrag der det kan etablerast sjøleidningar
- Samferdselsføremål inkl. parkering, siktsonar, snuplass og anna veggrunn. Vurdere eksisterande reguleringsplan for fylkesvegen med avkøyring og busstopp
- Grøntføremål, t.d. vegetasjonsskjerm
- Føresegningsområde for å kunne legge vassleidningar i sjø
- Etc.

Planområdet er ca. 174 daa, og omfattar heile eller deler av eigedomane: Gnr. 12/1, 3, 5, 10, 29, 39, 45, 54, 57-58, 62, 74, 83, 138, 141 og 167. Planområdet er vist i planavgrensinga. Planområdet

inkluderer sjøareal for å sikre naudsynt manøvreringsareal for ferdsel i sjø og utfylling i sjø for å leggje til rette for nytt kaianlegg for vidareutvikling av sjøtilknytt næring samt landbasert oppdrett. Innanfor næringsområde er det eit føremål å opne for bygningar i samanheng med industrietablering, i tillegg til kontor- og opphaldsfasilitetar for arbeidar.

### Planstatus


Det vert utarbeida ny detaljregulering jf. pbl § 12-12 på grunnlag av at gjeldande reguleringsplanar er delvis utdaterte, og ikkje sikrar framtidig utvikling av næringsområde til sjø og på land.

[Reguleringsplan for del av Ølve, gnr. 12 \(PlanID 19780012\)](#) (frå den 22.05.1978; etter bygningslova av 1965) er førebels gjeldande for deler av planområde, og det er føresett oppheving av desse når detaljreguleringa er endeleg vedteken.

### Reguleringsplan for del av Ølve, gnr. 12 (PlanID 19780012)

gjeld saman med kommuneplanen sin arealdel 2018-2026 gjennom føresegnssone #A. Ved motstrid gjeld kommuneplanen framføre reguleringsplanar. I gjeldande kommuneplan blir området vist som:

- Nåverande næringsvirksomheit BN74
- Nåverande bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone V54
- bustad B9
- LNRF L374
- gjennomføringssone med krav om felles planlegging H810\_6
- Hensynssone; støysone H220\_24



Planarbeidet grenser til sjøarealet [detaljreguleringsplan småbåthamn Troppo; PlanID 20160009](#) som er under arbeid.

Pågåande kommuneplan for Kvinnherad 2050 (PlanID 20190007) opnar i større grad for utviding av næringsområde i sjø og på land enn gjeldande kommuneplan, og er difor lagt til grunn for planalternativa i planprogrammet. Generelt har byggjegrænse mot sjø og arealbruk i sjø vore tema for revisjon av planforslaget etter høyring og offentlig ettersyn frå offentlig mynde jf. 2022/719-107.

Planen er ikkje juridisk gjeldande, men nyttast førebels som ein slags planleggings – intensjon.

Arealstrategiane i kommuneplanens samfunnsdel (KPS) vektlegg at «Kvinnherad kommune skal ha ein god balanse mellom å ta vare på natur, landbruk og friluftsområde og behovet for areal til samferdsle, næringsliv og attraktive bustadområde». Det følgjer vidare at «Kvinnherad kommune skal arbeide med å finne nye og vidareutvikle eksisterande næringsareal (...). I Kvinnherad skal det vere mogleg å drive med næring i kvar bygd, både i sjø og på land», samstundes som viktige friluftslivsområde i heile kommunen skal takast vare på». I tillegg til at «det skal leggjast til rette for samanhengande vegnett for mjuke trafikkantar», og «dyrka mark og dyrka jord skal vernast om».

### Utgreiingstema for konsekvensutgreiing

Planprogrammet fastsett rammene for det vidare planarbeidet med utdjuping av føremålet med planen og utfordringar. Eit anna føremål er å informere relevante planmynde, organisasjonar og involverte partar, og få innspel til gjennomføringa av reguleringsplanen og konsekvensutgreiinga (KU).

- Planprogrammet skal sikre tidleg medverknad og avklare viktige problemstillingar på eit tidleg tidspunkt i planarbeidet.

- Planprogrammet synleggjer tema som må utgreiast i det vidare planarbeidet gjennom konsekvensutgreiing (KU) etter Forskrift om konsekvensutredning jf. pbl § 4-2 og ROS-analyse jf. pbl § 4-3.
- Ein vurderer at fagtema forureining (støy og grunnforhold) vil verta implementert i tema naturmangfald og friluftsliv, samt ROS-analyse.
- Generelle forhold knytt til naturfare og klimaendringar vil vera del av ROS-analysen.
- Andre aktuelle fagtema som kulturminne og kulturmiljø, folkehelse, barn og unge, energiforbruk/-løysingar, klimagassutrekningar, ROS-analyse etc. vil vera del av planomtalen, jf. pbl. §§ 4-2 og 4-3.

#### Planprogram skaper basis for planprosessen:

Det fastsette planprogrammet skal liggja til grunn for utarbeiding av planforslag med konsekvensutgreiing (KU).

Føremålet er å klargjere verknadane av tiltak som kan få vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. Konsekvensutgreiinga skal sikre at desse verknadane vert vurdert, både under planlegging av tiltaket og når det skal takast stilling til om tiltaket skal gjennomførast, eventuelt på kva vilkår og/eller med avbøtande tiltak.

#### Forskrift om KU

Reguleringsplanen vert omfatta av § 6 b), då det samla vil verta regulert for næringsbygg med over 15.000 m<sup>2</sup> bruksareal, BRA (vedlegg I pkt. 24). Dagens bygningsmasse innanfor planområdet utgjer om lag 10.500 m<sup>2</sup>. KU-retteleiar viser til at utgreiingsplikta vert utløyst dersom ein plan opnar for 15.000 m<sup>2</sup> meir enn det som gjeldande reguleringsplan opnar for, uavhengig av om utbygging er realisert eller ikkje. Den viser også til at ikkje tenkte plan inngår ikkje i brekning av BRA. Det er grunn til å forvente at planframlegget vil legge til rette for nye tiltak som samla vil vera over 15.000 m<sup>2</sup> bruksareal.

Næringsføremålet BN74 er konsekvensutgreidd i samband med kommuneplanen sin arealdel frå 2018. Konsekvensutgreiingane er ikkje detaljert og konkret på type tiltak/næringsverksemd. I hovudsak vil planforslaget vera i tråd med gjeldande reguleringsplan og overordna gjeldande kommuneplan frå 2018. I tillegg ønskjer ein å regulere deler av areala i sjø og gnr. 12/10 i tråd med forslag til ny kommuneplan som ikkje er vedteken enda. Det er vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing på grunn av at dei konkrete planane for området ikkje er utgreidd tidlegare, samt at planen potensielt kan ha vesentlege verknadar for ferdsel på sjø, naturmangfald på land og i sjø, friluftsliv, strandsone og potensiell forureining, jf. §10.

#### Nyvurdering av forholdet til KU-forskrifta § 7

I etterkant av oppstartsmøtet (19.12.2024) er forholdet til KU-forskrifta § 7 vurdert på nytt. §7 omfattar ei vurdering av planar og tiltak etter andre lovar som alltid skal konsekvensutgreiast. Hovudføremålet med planen er å regulere næringsareal til m.a. landbasert oppdrett, der bruk av ferskvatn kan vera aktuelt (konsesjonsbelagt). §7a omfattar KU-krav for tiltak i vedlegg I, og §7b omfattar KU-krav for planer for tiltak i vedlegg I og II som vert vedteke av departement. Reguleringsplanen er ei plansak, ikkje søknad om tiltak, og den skal ikkje vedtakast av departement, då det er kommunen som er planmynde. På bakgrunn av desse forholda er ikkje KU-forskrifta §7 aktuell for saka. Sjå kapittel 6.1.3 i planprogrammet for vurderingar kring grensegang med omsyn til uttak av ferskvatn.

#### Konsekvensutgreiing skal utgreie følgjande planalternativ:

- 0-alternativet: Tiltaka i reguleringsplanen skal vurderast opp mot eit 0-alternativ som er ei skildring av den framtidige utviklinga for område, dersom reguleringsplanen ikkje vert gjennomført. 0-alternativet i denne plansaka er dagens situasjon.
- Planalternativ:  
Utvikling av næringsområde i stor grad i tråd med reguleringsplan og KPA på høyring, Dagens situasjon er at det er etablert næringsverksemd knytt til områda som grenser til

sjøområda i sør og nord, etablert brannstasjon og einebustad langs tilkomstveg i sør, samt at gnr. 12/167 er naturområde og at gnr. 12/10 er registrert jordbruksareal.

Ein ønskjer å regulere store deler av planområdet til sjøretta næringsføremål. Alternative utbyggingsalternativ/-utformingar av planområdet er naturleg å gjennomføre i planleggingsfasen. Det er ønskeleg at planleggingsfasen kjem fram til eitt utbyggingsalternativ som vert utgreia. Det kan likevel vera aktuelt å legge fram fleire utbyggingsalternativ. Ut frå dagens situasjon og usikkerheit ser ein det som naturleg at alternative utbyggingsalternativ/utforming av planområdet er:

1. Utvikling av næringsområde i tråd med reguleringsplan og KPA, utan regulering av gnr. 12/10 som næringsområde.
2. Utvikling av næringsområde i tråd med reguleringsplan og KPA på høyring, med regulering av gnr.12/10 som næringsområde

For konsekvensutgreiing er det føreslått følgjande utgreiingstema (sjå tabell side 9 -10 i planprogram):

På bakgrunn av vurderingane i tabellen er det vurdert at følgjande tema er relevante å konsekvensutgreie:

- Naturmangfald m.a. ifht. økosystemtenester, miljømål,/forureining, naturmangfaldslova og vassforskrifta. Utgreiing av forhold på land og i sjø.
- Vassmiljø og naturmangfald i vatn
- Friluftsliv (verknad for bruk av områda på grunn av at nærområda har verdi for friluftsliv.)
- Landskap; (estetikk) Ei utbygging i tråd med planforslaget og tilhøyrande situasjonsplan vil vise godt igjen i landskapet.
- Støy; det er planlagt for støyande anlegg som omtalt i T-1442.

I tillegg til tema definert i M-1941 vurderer ein at desse tema er aktuelle å utgreie:

- Nærmiljø (lyd, lys og lukt) inkl. forureining
- Transport (transportbehov og verknad av auka trafikk)
  - o Transport på land m.a. inkl. trafikktryggleik og kapasitet
  - o Ferdsel på sjø
- Naturressursar (jordbruksareal gnr. 12/10)

### **Samanfattande:**

Sentrale fagtema i planarbeidet (sjå under pkt. 7. side 14 i planprogrammet):

- Naturmangfald og vassmiljø (Verknadar for kjente registreringar og vassmiljø)
- Landskap (Verknadar for eksisterande bustadområde, fjern- og nærverknad)
- Friluftsliv inklusive strandsone (Verknad for bruk, visuelt og opplevingsverdi)
- Naturressursar; Jordbruksinteresser; Det er ikkje registrert areal med «dyrkbare jord» innanfor planområdet, andre områder er klassifisert som skog
- Fiskeri (Verknad for kjente fiskeplassar og låsettingsplassar)
- Transport; Vegtrafikk (Verknad av trafikk på land, trafikktryggleik, kapasitet og trafikkmengd)
- Transport; Ferdsel på sjø (Verknad for sjøvertsferdsle og ankringsområde)
- Nærmiljø lyd (støy), lys og lukt
- Kulturmiljø; Det er ingen registrerte kulturminne innanfor eller i nærleiken av planområdet. Det er nokre eldre bygningar langs sjøen ved Hyttevågen, men elles ingen eldre bygningar innanfor planområdet.
- Grunnforhold og masseberekning
- Teknisk infrastruktur: Vatn, avløp, sløkkevatn og overvatn
- Klimagassutslepp; Planarbeidet skal dokumentere klimagassutslepp frå arealbeslag etter arealtype og jordtype, samt omfang av omdisponering.
- Universell utforming

- Risiko og sårbarheit

Det er fastsett at konsekvensutgreiing vert gjennomført etter [Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941](#). Naudsynt tilgjengeleg og oppdatert kunnskapsgrunnlag er oppsummert s. 26 i planprogrammet pkt. 8.3 «Metode konsekvensutgreiing».

#### Medverknad

Planprogrammet vart lagt på høyring og offentleg ettersyn i periode 25.04.2025 t.o.m. 10.06.2025. jf. pbl §§ 12-9 og 4-1 jf. Forskrift om konsekvensutredningar § 15, og det vart samstundes meldt oppstart av planarbeidet jf. pbl §§ 12-8 og 12-9 med frist for innspel 10.06.2025.

Det vart gjennomført merknadshandsaming og sendt til administrasjon den 27.03.2026. Merknadar er oppsummert og kommentert gjennom fagkunnig i merknadsskjema datert 26.03.2026. Totalt var det 7 offentlege mynde og 7 frå private. Fullstendige innspel og merknadsskjema er tilgjengeleg i sak 2024 /5321-42 (sjå også vedlegg).

Fiskeridirektoratet, Mattilsynet, Direktoratet for mineralforvaltning, Norges- vassdrags og energidirektorat, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Kystverket av offentleg mynde uttalte seg i saka.

#### Offentleg mynde har merknad til følgjande tema:

- Fiskeriinteresser
- Marint naturmangfald
- Forureining
- Handtering av massar
- Støy og transport
- Massehandtering og mineralressursar
- Naturfare (områdeskred og overbelastning i sjø)
- Medverknad
- VAO-rammeplan: M.a. overvasshandtering og drikkevatt og produksjonsvatt (inntak/utslepp)
- Friluftsområde
- Barn og unge
- Prinsippet av universell utforming
- Strandsone og landskap
- Illustrasjon av landskapsverknadar
- Utfylling i sjøen
- Omdisponering av dyrka mark
- Trafikktryggleik
- Endring/oppgradering av navigasjonsinnrettingar
- Avklaring av dimensjonerande fartøy
- Tungtransport forbi skuleområdet
- Kulturminne og kulturmiljø
- Risiko- og sårbarheit
- Moglegheiter til medverknad
- Fare for områdeskred (kvikkleire)
- Farlei og manøvreringsareal i sjø
- Gjeldande kommuneplan er utgangspunktet for detaljplanen
- Andre regionale planar som er viktige (m.a. regionalplan for klima 2022-2035, kystsoneplan etc.)
- Generell behov for rekkjefølgjekrav

### Private merknadar (samanfattande vurdering):

1. Dei private merknadene handlar om påverknad på bustads-, landbruks- og friområde i forhold til bruk og utviding av næringsområde, samt trafikksikringstiltak som påverkar private eigedommar (inngrep, forringelse av eigedomsverdi, dyrka mark, støy, vibrasjonar og trafikkfarlege situasjonar). Det vart eller også oppfordra om at det vert teke omsyn til landskap og strandsone og fjernverknaden. Ein ynskjer fokus på trafikktryggleik.
2. Mange merknadar er elles ganske likt i.h.t. merknadane frå offentlege mynde.
3. Særleg ein grunneigar (Gjert-Egil Fjelldal; 22/4 ) har ein grundig uttale med mange punkter der han ytre sine bekymringar rundt detaljplanen. Her nemner han sin bekymring for verknad av vassuttaket for Kvitebergsvatnet og Hytteelva og at dette skal konsekvensutgreiast i detaljplanen. I desse typar tiltak (vassuttaket) er det ansvarleg mynde som har heimel til å sette krav til konsekvensutgreiing. Konsulent meiner at forholdet til konsekvensforskrifta og krav til utgreiingar skal følgje NVE-søknaden. Vassuttaket er ikkje ein del av plansaka (sjå også planprogram kapitel 6 Føringar og rammer for planarbeidet).

Spørsmål om KU-forskrifter:

I denne saka utløyser kravet KU-forskrifta § 6b. og såleis er vurdering etter §7 og 10 strengt tatt ikkje nødvendig.

4. Visar til den meir utfyllande teksten som ligg under vedlegg i saken 1. Samlar merknadar og 2. Merknadsskjema.

### Endringar i planprogram etter høyring og offentleg ettersyn

1. Alle merknadene vert tatt til orientering og delvis til følgje i utarbeiding av planforslaget, men krevjar i mindre grad endring av planprogrammet. Offentlege mynde har ikkje vurdert at planprogram vil komme i særleg konflikt (jf. gjeldande kommuneplan) med viktige nasjonale og regionale omsyn jf. pbl § 4-1 og er nøgd med at det skal gjennomførast konsekvensutgreiing (KU-forskrifta § 6b).

Når dette er sagt har både statsforvaltar og fylkeskommune kommentert at ny KPA er ikkje vedteken - difor er planen ikkje i samsvar med overordna plan, når det gjelder f.eks. områder som noverande LNF-området Nyhamar (12/10).

Som ein naturleg del av eit planprogram skal mange ovannemnte punkter utgreiast i planprosessen. Detalj-

opplysningar vil verta nytta som kunnskapsgrunnlag i vidare planarbeid.

Krav til planprosess er fastsett i plan- og bygningslova og forskrift om

konsekvensutgreiingar. I arbeidet med detaljreguleringa er det ynskjeleg med medverknad frå ulike grupper som har interesse av eller vert påverka av planarbeidet.

2. På bakgrunn av innkomne merknadar er det lagt inn KU-tema om støy jf. rettleiar [M-1941](#), slik at det ikkje inngår i utgreiing av naturmangfald som før høyring og offentleg ettersyn av planprogrammet (sjå planprogram tabell kapitel 5.1, 7.4 og 8.4). Viktig med utgreiing jf. rettleiar [T-1442](#) frå trafikk og næringsaktivitet i anleggs- og driftsfase.
3. I planprogrammet er det tilført om kva KU skal avklare, m.a. dimensjonerande fartøy og om det er nødvendig med endring/ oppgradering av navigasjonsinnrettingar.
4. Planprogram kapitel 7.6 (Ferdsløp på sjø) og 7.9 (Risiko og sårbarheit ) har blitt oppdatert.
5. I kap. 8.2 (Alternativ i planframlegget) i planprogrammet er det lagt fram 2 alternativ – ein i tråd med dagens kommuneplan og ein som avviker.
6. Plan-programmet er oppdatert med omsyn til medverknad som skal gjennomførast i planprosessen (kap. 5.3 Planprosess og medverknad).
7. Dersom VLFK finn kulturminne under arkeologisk gransking, vil kulturminne implementerast som KU-tema ihht. rettleiar M-1941.
8. Diverse små rettingar som f.eks. omtale av feil grunneigar etc. eller bruk av eigedom.



9. Det er i enkelte tilfelle viktig at konsekvensutgreiinga skil mellom konsekvens for tiltaksområdet og konsekvens for influensområde.

### Framdrift

Følgjande framdriftsplan er lagt til grunn for det vidare planarbeidet jf. Forskrift om konsekvensutredninger § 14 bokstav d:

#### **Førebels tidsplan**

Oppstartsmøte	19.12.2024
Politisk orientering om plansaka	21.01.2025
Varsel om oppstart og høyring av planprogram	Vår 2025
Vedtak planprogram	Vår 2026
Planlegging og utarbeiding av konsekvensutgreiing	Sommar/vinter 2026-2027
Høyring planforslag	Vår 2027
Vedtak	2027/2028

### Vurdering

Trafikktryggleik og landbruk (i små margin; sjå også under kap.8.2) er motstridande interesser i plansaka. I den vidare planprosessen må samfunnsinteressene vurderast opp mot kvarande med føremål om å tryggje mjuke trafikkantar langs tilkomstveg for næringsområde (Ølve Montessori-skule litt syd – vest for planområdet), samstundes som det ikkje vert omdisponert meir dyrka mark enn naudsynt (sjå også under pkt. [Konsekvensutgreiing skal utgreie følgjande planalternativ og planprogram pkt.8.2 Alternativ i planframlegget](#)).

Det følgjer av [jordvernsstrategien \(Prop 121 2022-2023\)](#) mål om at den årlege omdisponinga av dyrka jord ikkje skal overstige 2000 daa innan 2023. Omdisponering av dyrka mark skal synleggjerast i eit arealrekneskap i planarbeidet for å vurdere samfunnsinteressene i planarbeidet.

Administrasjonen vurderer at det er viktig med ein god trafikkvurdering i.h.t. utviklinga av næringsområde, for eksempel gjennom utbygging av kryss og tilrettelegging av fortau (til/i planområdet) i samsvar med [vegnorm for Kvinnherad kommune](#) (2022) og [kommunedelplan for trafikktrygging 2021-2028](#) (2021) jf. tilrådingar om veg- og fortausbreidde (s. 6).

I oppstartsmøte vurderte administrasjonen at utviding av næringsføremålet (gbnr 12/10) skal vurderast nærmare i planarbeidet.

Konsekvensutgreiing skal saman med risiko- og sårbarheitsanalyse basert på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag opplyse saka i forhold til planalternativa som er skissert som 0-alternativ og 1-alternativ under planprogram sitt kapittel 8.2 Alternativ i planframlegget.

#### **Økonomisk berekraft:**

Næringsutvikling vil bidra til lokale arbeidsplassar i kommunen, og trafikksikring vil til dømes kunne bidra samfunnsøkonomisk i eit langsiktig perspektiv. Næringsutviklinga utløyser ein forbetra trafikk situasjon i form av veg og fortau for mjuke trafikkantar, samt kryss frå Fv 575 (Ølvesvegen). For å sikre miljømessig- og økonomisk berekraft vil det vere hensiktsmessig å gjennomføre eventuelle kommunale tiltak i samanheng med gjennomføringa av detaljreguleringa.

Økonomiske konsekvensar for kommunen er eventuell knytt til kostnadsfordeling for offentlege tiltak gjennom utbyggingsavtale som følgjer avtaleprosess jf. pbl § 17-1 til 17-5. Generelt er andre økonomiske konsekvensar at grunneigar rett til innløyasing jf. pbl § 15-2 og erstatning for tap ved reguleringsplan som kan vere aktuelt i saka.

#### **Miljømessig berekraft:**

Utviding av næringsområde i sjø (utfylling i sjø) og på land vil kunne ha konsekvensar for miljømessig berekraft, vassuttaket for Kvitebergsvatnet og Hytteelva. Dette skal omtalast i planprosessen. I tillegg er det skogsareal for til dømes karbonlagring som vert råka.

Næringsutvikling vil kunne generere auke i transport til sjøs og på land, og klimagassutslepp skal difor utgreiast i konsekvensutgreiinga. Forureining (støy, forureina grunn), naturmangfald og naturressursar (fiskeri og jordbruk) skal vidare utgreiast i forhold til konsekvensar for natur og miljø. Trafikksikringstiltak vil også kunne ha negative konsekvensar for arealregnskap.

#### **Sosial berekraft:**

Konsekvensar som påverkar bustad- og friluftsføremål (tilgang til sjøen) negativt skal vurderast i planprosessen, og eventuelle avbøtande tiltak skal sikrast.

#### **Berekraftsmål nr 17 – om samarbeid**

Det er lagt til rette for medverknad med informasjonsmøte tidleg i planprosessen med føremål om å informere og få innspel til planarbeidet. Den formelle planprosessen legg opp til innspel ved oppstart, og vidare høyring og offentleg ettersyn for planforslaget. Det er naudsynt å leggje til rette for vidare dialog og synfaring med røynde partar, særskilt for vegløyningar, jf. merknadsskjema. Samstundes er det trong for samarbeid med Vestland fylkeskommune for utbetring av kryss frå Fv 575, samt for den vidare gjennomføringa av planen og diverse andre partar. Grunnavtalar kan også vere naudsynt for gjennomføringa.

#### **Konklusjon**

Kommunedirektøren tilrår fastsetting av planprogram jf. [pbl §§ 12-9 jf. 4-1](#). Etter ei samla vurdering er planprogram datert 26.03.2026 i samsvar med [Forsrift om konsekvensutgreiingar § 14](#), og synleggjer utgreiingstema og trong for oppdatert kunnskapsgrunnlag som er naudsynt for å opplyse saka for utarbeiding av planforslaget.